

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 19. mars 2019

Skype
Kl. 14.00-15.00

I møtet: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Balder Holm og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Marika Lüders, Terje Colbjørnsen, Roswitha Skare (vara) og Christer Bakke Andresen (vara).

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 21. januar 2019

Godkjent. Me ber Magnus ordna innlogging til Terje på nettsidene, slik at han kan leggja ut referat på nettsida direkte (fungerer greitt som arkiv).

3. Årsmelding og innkalling til generalforsamling

GF vil finna stad under NordMedia i Malmö 21.-23. august. Innkalling skal ut tre veker før (jf. vedtekten). Me prøver å få ut innkalling og få ferdigstilt dokument (årsmelding og økonomirapport) på denne sida av sommaren, dvs. slutten av juni. Eiri tek ansvar for det. Årsmeldinga plar dekkja året mellom generalforsamlingane.

4. Bruk av nettsidene og sosiale medium

Roswitha kunne ikkje møta i dag, men er rask med å leggja ut meldingar og nyhende når det skjer noko. Flott om det kan halda fram.

5. Norsk medieforskarkonferanse i Oslo oktober 2020

OsloMet og Universitetet i Oslo vil stå som felles arrangør. Komité vil snart bli sett ned. Dei vil ha kontakt med komiteen som hadde ansvaret for sist konferanse i Bodø (Lisbeth) mtp mal for støttesøknader m.m.

6. Høyringssak: Endring i konkursregisterforskrifta

NML vel å ikkje bruka tid på denne.

7. NordMedia-konferansen i Malmö 21.-23. august 2019

Planlegginga går sin gang. Lisbeth representerer NML i den nordiske samarbeidskomiteen. Abstractfristen var 18. mars. Tilbakemelding innan slutten av mars (ifølgje nettsida).

8. Anna

Balder informerte om den nye forskardatabasen som Nordicom arbeider med. Ynskjer innspel frå norske forskrarar (fokusgruppe?). Kjem tilbake til dette på eit seinare møte

9. Møteplan framover

9. april 2019 14-15

14. mai 2019 14-15

Terje Skjerdal (ref)